



FEMANGERLAKS AS  
Sundvorvegen 1112  
5647 BALDERSHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Toril M Mullen, 5764 3127

## Rapport etter tilsyn hos Femangerlaks AS

Kontrollnummer: 2025.002.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 19. november 2025 hos Femangerlaks AS (organisasjonsnummer: 939377697).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

### Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda har brot på vilkår i løyvet
- Avvik 2: Verksemda har manglar i si handtering av farleg avfall

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Femangerlaks AS må rette opp avvika snarast. Vi ber om at de sender Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvika er retta innan 29. mai 2026. Gjennomføring av tiltaka kan bli følgd opp med nytt tilsyn.

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no) og merkar e-posten med 2021/3924.





Statsforvaltaren gav ingen merknader

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

De må betale gebyr

Femangerlaks AS må betale eit gebyr på 51 900 kr for tilsynet.

## Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik nr. 1: Verksemda har brot på vilkår i løyvet

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Løyve etter forureiningslova datert 17. september 2018, punkt 11.2 og 12.2

Om krava

Verksemda skal ha eit utreknings- og måleprogram som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll, jf. løyvet punkt 11.2

Verksemda har jamfør løyvet punkt 12.2 krav til overvaking. I dette ligg at verksemda skal syte for overvaking av effektar av utsleppa til sjø ved å kartlegge eventuell akkumulering av organisk materiale ved utsleppspunktet og ein gradient frå dette punktet og ut mot open resipient minst kvart 5. år.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Under kontrollen kom det fram at verksemda ikkje har eit måleprogram. Dette er eit brot på vilkår i løyvet.

Under kontrollen kom det fram at verksemda ikkje har gjennomført ei resipientundersøking dei siste 5 åra. Dette er eit brot på vilkår i løyvet.

Avvik nr. 2: Verksemda har manglar i si handtering av farleg avfall

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Avfallsforskrifta § 11-8 om leveringsplikt

Om krava

Det farlege avfallet skal leverast minst ein gong per år. Plikta inntre ikkje før den totale mengda farleg avfall overskrider 1 kilo.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Verksemda kan ikkje dokumentere å ha levert farleg avfall det siste året.



## Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Femangerlaks AS må betale eit gebyr på 51 900 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 1 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 19. november 2025 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## Del 3: Informasjon om tilsynet

### Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Toril M Mullen
- Sissel Storebø

Kontaktperson hos verksemda:

- Anne Martha Heidal

### Anlegg

Anlegget til Femangerlaks AS på Baldersheim, Bjørnafjorden vart kontrollert under tilsynet.

### Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- Produksjonstilhøve
- Utsleppskontroll
- Reinseanlegg
- Handterning av slam
- Miljøovervaking
- Internkontroll knytta til desse områda



## Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- produktkontrolllova

## Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:

- eigenkontrollrapportar
- dokument frå internkontrollen

## Del 4: Annan informasjon

### Andre tilhøve

Under kontrollen vart det observert dieselsøl i grusen i øvre del av anlegget. Vi forventar at verksemda set i verk førebyggjande tiltak slik at ein unngår dieselsøl i framtida.

Under kontrollen vart det observert EE-avfall som låg lagra på grusen i øvre del av anlegget. EE-avfall som oppstår på anlegget skal handterast slik at ein kan førebygge og redusere miljø- og helseproblem som EE-avfall kan forårsake. Dette skal skje gjennom separat innsamling, utsortering og behandling av materialer og komponentar som er farleg avfall, og høg grad av gjenvinning av øvrige deler av avfallet.

### De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

### Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på [www.einnsyn.no](http://www.einnsyn.no), i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

### Med helsing

Sissel Storebø  
spesialrådgjevar

Toril M Mullen  
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

BJØRNAFJORDEN KOMMUNE

Postboks 24

5649

EIKELANDSOSEN

